

HANDLINGSPLAN 2018-2022

VALD I NÆRE RELASJONAR

Interkommunalt samarbeid om ein mal for handlingsplan mot vald i nære relasjonar
Solund kommune

HANDLINGSPLAN 2018-2022

VALD I NÆRE RELASJONAR

Forord

Nokre born, unge og vaksne vert utsett for vald frå menneske som skulle ha sytt for deira tryggleik. I familien der ein skulle ha vore trygg, er mange redde. Målet er at alle heimar skal vere ein arena for trykkleik og omsorg – utan vald.

Denne interkommunale handlingsplanen mot vald i nære relasjonar skal vere eit verktøy for å *styrke og samordne den kommunale* innsatsen mot vald i nære relasjonar. Planen gjeld for alle tilsette og frivillige i kommunane. Alle som jobbar med både eldre og unge skal få kunnskap og støtte når det gjeld å oppdage og å melde i frå ved mistanke om vald i nære relasjonar.

Vald i nære relasjonar kan vere særleg utfordrande å oppdage. Difor skal handlingsplanen fungere som ein rettleiar med informasjon om kva teikn ein skal sjå etter og korleis ein kan handle i ulike situasjonar der ein har mistanke om at ein kollega, eit born, ein sosialklient, ein pasient, ein brukar av tenester eller ein nabo vert utsett for vald i nære relasjonar.

Kommunane i Hafs har gått saman for å utarbeide ein felles mal/rammeplan. Kvar kommune skal så vidare utforme sine eigne kommunale planar utifrå dette. Det skal opprettast ei tverrfagleg gruppe i kvar kommune, som utarbeidar kvar sin kommunale plan. Eventuelle avgrensingar, eller ekstra fokus på enkelte grupper i kommunane, blir gjort av dei lokale gruppene.

HAFS- Samarbeid

...

HAFS-kommunane har sett ned ei arbeidsgruppe til å utarbeide ein mal til handlingsplan mot vald i nære relasjonar for kommunane i HAFS. Kommunane må sjølve etablere ei lokal arbeidsgruppe og leggje ved lokal informasjon frå kommunen, samt eksisterande og nye tiltak.

Arbeidsgruppa har bestått av:

Solveig Noreide (psykiatrisk sjukepleiar i Askvoll), Miriam Høberg (helsesyster i Hyllestad), Ingunn Kråkås Mjåtveit (sjukepleiar legekontor i Solund), Elin Engelstad (HAFS Barnevern) og Inga Haaland (folkehelsekoordinator i Fjaler).

Innholdsliste

HAFS-Samarbeid.....	
Forord	1
Bakgrunn for handlingsplanen	4
Handlingsplan og tiltak	4
Kva er vald i nære relasjonar?	5
Omfang av vald	5
Definisjonar av vald	6
Målgrupper	7
Born	7
Borneperspektiv: teikn på at du er utsett for vald/seksuelle overgrep eller vitne til vald:	7
Personar med psykisk utviklingshemming.....	7
Eldre	7
Familiar med ikkje-vestleg bakgrunn	8
Tilbod til valdsutsette	9
Politi	9
Legevakt/fastlege.....	9
Barnevernstenesta I HAFS	9
Stiftinga Krisesenteret Sogn og Fjordane.....	10
SMISO: senter mot incest og seksuelle overgrep i Sogn og Fjordane	11
Overgrepsmottak for menneske utsatt for seksuelle overgrep og vald i nære relasjonar	11
Statens Barnehus avdeling i Førde	11
Tiltak	12
Lovverk og teieplikt.....	13
Teieplikta – kva moglegheiter gir den for samarbeid?	14
Helsepersonell	15
Kommunikasjon mellom helsepersonell.....	15
Lege	16
Barnehage, skule og PPT	16
NAV	16
Barnevernet	17

Opplysningsplikt til barnevern, og tilbakemeldingsplikt	17
Interkommunale- og kommunale rutinar.....	18
Interkommunale rutinar	19
Barneverntenesta	19
Tannhelsetenesta i Sogn og fjordane	21
Rutinar i Solund Kommune.....	23
Born som opplev vald i nære relasjonar	23
Helse og omsorg– arbeid og rutinar for å avdekke vald i nære relasjonar.....	25
Helsestasjon	28
NAV Solund - rutine ved vald i nære relasjonar	30
Vedlegg.....	33
Teikn på at du er offer for vald i nære relasjonar	33
A. Vaksenperspektiv:.....	33
B. Borneperspektiv: teikn på at du er utsett for vald/seksuelle overgrep eller vitne til vald: ...	34
C. Eldreperspektivet	34

Bakgrunn for handlingsplanen

Vald i nære relasjonar er eit kriminalitetsområde som krev ytterlegare innsats. Den breie politiske semja om dette vart stadfesta då Meld.St.15 (2012-2013) «Forebygging og bekjempelse av vold i nære relasjonar. Det handler om å leve» vart handsama av eit samla storting. I etterkant har justis- og politidepartementet følgt opp med handlingsplanen «Eit liv uten vold i nære relasjonar 2014-2017». Handlingsplanen krev at vi må handle; vi som samfunn har eit ansvar for å sikre at born, kvinner og menn har eit liv utan vald og trugslar om vald. Planen tek også sikte på å sikre born ein oppvekst utan overgrep og frykt.

I tillegg til handlingsplanen mot vald i nære relasjonar, har regjeringa publisert ein spesifikk handlingsplan for å eliminere vald og seksuelle overgrep mot born og ungdom (2014-2017), «En god barndom varer livet ut». Målet for denne handlingsplanen er å førebygge og hindre at born og unge vert utsett for seksuelle overgrep og vald – både i og utanfor heimen. Vidare fokusera planen på at å eliminere vald og seksuelle overgrep ikkje er ei privatsak. Handlingsplanen krev at alle som møter born og unge i sitt daglege virke må våge å stille vanskelege spørsmål og lytte til historiane som kjem fram. I møte med born og unge er det viktig med kunnskap om kva for teikn ein skal sjå etter og kunnskap til å fange opp når born og unge kan ha blitt utsett for vald og overgrep. Kunnskapen skal bidra til trygghet til å handle for den vaksne. Dermed må kunnskapen i fleire sektorar aukast, og kriminelle handlingar straffefølgast.

Kommunale eller interkommunale handlingsplanar har vore framheva som eit viktig reiskap for å sikre at ofre for vald i nære relasjonar får eit tilrettelagt og heilskapleg tilbod.

Handlingsplan og tiltak

Kommunane har teke utgangspunkt i desse måla i arbeidet med handlingsplan og tiltak

Generelle mål med underpunkt	• Styrke kunnskapen i kommunane om vald og overgrep i nære relasjonar • Informasjon om rettar og moglegheiter til hjelp • Påverke haldningar og auke fokus på problemet vald og overgrep i nære relasjonar
Organisatoriske mål med underpunkt:	• Styrke kunnskap om vald og overgrep i nære relasjonar i kommunalt hjelpeapparat • Rutinar for tilsette i kommunen for å handtere aktuelle saker • Spesifikk opplæring i å handtere aktuelle saker som gjeld vald og overgrep i nære relasjonar • Samarbeid mellom kommune og frivillige lag/organisasjonar
Brukarorienterte mål med underpunkt:	• Alle i kommunen skal vite kor dei kan oppsøke hjelp • Konkrete tilbod om hjelp skal verte vurdert individuelt i dialog med valdsutsette • Fokus på utøvar av vald og overgrep i nære relasjonar • Ein tiltaksplan vil innehalde tiltak

Kva er vald i nære relasjonar?

Å leve i ein familie med vald er ei skjult lidning for dei som vert utsett for det. For eit born er det som å leve i ei krigssone utan at det vert snakka om det.

For offera som vert utsette for, eller vitne til vald, kan symptoma vere vanskar med konsentrasjon, aggresjon, angst, depresjon, låg sjølvkjensle, skuldkjensle og manglande sosiale ferdigheiter. Psykiske vanskar eller rusproblem kan bli følgjer av dette. I dette kapitlet ser vi på omfang av vald, eit breitt utval av definisjonar av vald, aktuelle målgrupper og teikn på at ein kan vere utsett for vald i nære relasjonar.

Omfang av vald

Det er utfordrande å slå fast førekomen av vald i Noreg, då ein får svært ulike anslag frå dei ulike kjeldane. I følgje kriminalstatistikkens oversikt over innmelde lovbrøt var det 23 132 personar som vart utsett for valdslovbrøt i 2011, dette omfattar også truslar om vald. I 2011 var det 3 864 som vart utsett for seksuelle overgrep eller krenkingar, 1075 av desse for valdtekt. I 2011 vart 2810 personar ofre for mishandling i familieforhold.

Kriminalstatistikken syner berre omfanget av den innmeldte valdsstatistikken, ein antek at berre ein femtedel av all statestikk vert meldt i frå om til politiet. Ein kan dermed rekne med store mørketal. Statistisk sentralbyrå undersøker omfang av vald i befolkninga ved å spørje eit representativt utval av befolkninga om dei har vore utsett for ulike former for vald eller trugslar om vald dei siste 12 månadane. Tala frå SSB syner ein nedgang frå 5,5% i 2007 til 3,5% i 2015.

Omfang av vald i nære relasjonar er vanskeleg å fastslå. Definisjonen og forståinga av vald i nære relasjonar endrar seg over tid, og mørketala er store. Statistikk frå politiet og krisesentertilbodet kan gje oss indikasjonar på omfanget av vald i nære relasjonar som eit samfunnsproblem i Noreg. I 2012 overnatta 1929 kvinner, 17 menn og 1763 born på eit av landets krisesentre. Same år registrerte politiet 2557 meldingar om vald i familieforhold. Det er vanskeleg å melde ein nærstående person. Kor grov valden har vore har også noko å seie for i kva grad ein vel å melde eller ikkje. Ein reknar med at berre 25% av valden kvinner utsetjast for av nærstående personar meldast til politiet.

Tal frå statistisk sentralbyrå viser at menn i hovudsak utsetjast for vald frå heilt eller delvis ukjend valdsutøvar på offentleg stad, medan kvinner i større grad opplev å verte utsett for vald i nære relasjonar i sitt nærmiljø. Ulike omfangsundersøkingar syner at dei mest utbreidde og minst alvorlege formene for vald mot partner rammer menn i like stor grad som kvinner. Dei mest alvorlege formene for vald og overgrep er det flest kvinner som vert utsett for. Basert på undersøkingar gjennomført dei siste åra vert det anslått at mellom 75 000 og 150 000 personar årleg utsetjast for vald i nære relasjonar i Noreg.

Vald i nære relasjonar kan føre til tap av liv. Sju av 28 registrerte drap i Noreg i 2012 blei utført av noverande eller tidlegare partner (gift eller sambuar). Seks av offera var kvinner, ein mann. Dei siste

10 åra har 63 kvinner vorte drepen av noverande eller tidlegare partner. Mellom 20 og 30 prosent av drapa som vert utført i Noreg er drap på noverande eller tidlegare partner.

Omfangsundersøkinga som Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (NKVTS) er i ferd med å gjennomføre vil gje oss ny og oppdatert kunnskap om omfanget av vald i nære relasjonar og valdtekt i Noreg.

Den lokale statestatikken er begrensa, men vi har noko frå overgrepsmottaket i Førde. Etter at dei utvida verksemda si i 2016 til å også handtere saker om vald i nære relasjonar, i tillegg til seksuelle overgrep, har sakstilfanget tredobla seg frå 10-12 saker i året til 30-34 per år. Dette er både saker som omhandlar vald i nære relasjonar og seksuelle overgrep. Dei fleste sakene ligg til dei store kommunane i fylket. Statistisk sett kan ein seie at overgrepsmottaket får ei sak frå kvar kommune i året. Overgrepsmottaket hevdar at mørketala er store, og at ein må jobbe framover for å gjere tilbodet kjend for fleire.

Definisjonar av vald

Det finst mange definisjonar og forklaringar på vald, krenkingar og overgrep. Felles for desse definisjonane eller forklaringane er at det finst ein mønster som gir valdsutøvarane eit ønskje om kontroll og makt over den andre personen.

Per Isdal sin definisjon er hyppig nytta, «Vold og mishandling kan sees på som enhver handling rettet mot en annen person som gjennom denne handlingen skader, smerter, skremmer eller krenker, og får denne personen til å gjøre noe mot sin vilje eller får personen til å slutte å gjøre noe den vil» (Per Isdal, 2000)

Dette er ein vid definisjon av vald som peikar på at vald er meir enn den fysiske valden som ofte er mest synleg. Handlingsplanen omfattar ulike typar vald; fysisk vald, psykisk vald og seksuell vald. Nokre stader i handlingsplanen omtalar vi vald og overgrep saman. Omgrepet overgrep forsterkar og utdjupar definisjonen av vald som vi har valt å bruke. Med nære relasjonar meiner vi: Familie, slekt og ulike personar som den utsette har tillit til eller er avhengig av. Til dømes tilsette i skule og barnehage eller i helse og omsorg.

- **Psykisk vald/mishandling:** bruk av ord, stemme eller handling (eller mangel på handling) som kontrollera, skader eller krenka eit anna menneske. Trugslar (direkte/indirekte) kontroll, trakassering, neglisjering m.m
- **Fysisk vald/mishandling:** fysisk behandling som skader eller kontrollera eit anna menneske – som å lugge, slå, sparke, klype, skubbe etc.
- **Seksuell vald:** valdtekt, andre seksuelle overgrep, kjønnslemlesting, seksuell trakassering, press til seksuelle handlingar, t.d prostitusjon, trafficking.
- **Materiell vald:** økonomisk utnytting eller sosial kontroll, øydelegge inventar/gjenstandar
- **Æresrelatert vald og tvangsekteskap:** ein type vald i nære relasjonar som kjenneteiknast ved at den utøvast for å bevare familien si ære.
- **Latent vald:** få nokon til å gå på nåler, vere på vakt, venta på valden.

Målgrupper

I utgangspunktet er alle sårbare. Difor seier vi at handlingsplanen mot vald i nære relasjonar er for alle, då utøving av vald i nære relasjonar skjer i alle miljø og samfunnslag. Samstundes er det mange faktorar som påverkar kor utsett personar er for vald, korleis dei opplev vald, og ikkje minst for kva moglegheiter dei har til å kome seg ut av valdelege relasjonar.

Faktorar som påverkar sårbarheita er kjønn, alder, sosioøkonomisk bakgrunn, fysisk og psykisk funksjonsevne, seksuell orientering og nettverket den einskilde har til rådighet. Migrasjon, graviditet og rus kan også spele inn. Fleire av desse faktorane kan påverke kvarandre og bidra til å auke den einskilde sin sårbarheit.

Ei undersøking fra 2005 (Roberts og Roberts) viser at 90% av ofre utsett for vald frå partner er kvinner. Born er spesielt sårbare både som direkte og indirekte valds ofre. I tillegg er personer med psykisk funksjonshemming og eldre sårbare grupper. Born og unge med foreldre frå ikkje-vestlege land er i større grad utsett for ulike former for sosial kontroll, oppdragarvald, kjønnslemlesting og tvangsekteskap enn born og unge frå vestlege land.

Born

Det å vere vitne til vald har synt seg å vere like skadeleg som å verte utsett for vald. Born har ofte ikkje dei same moglegheitene som vaksne til å gje beskjed til omverda om kva som skjer, dei kan også tru at vald og overgrep er vanleg. Born som lev med vald i nære relasjonar, lev i konstant alarmberedskap og redsel for nye valdsepisodar. Utfall av dette kan vere angst og depresjon, angst for tap av omsorgsperson, angst for sjølv å verte utsett for vald, valdeleg åtferd retta mot andre, lågare sosial kompetanse, sinne og avmakt. Særskild born som samstundes tek i mot mindre varme i nære relasjonar er i risiko (Kvelling, 2010).

Borneperspektiv: teikn på at du er utsett for vald/seksuelle overgrep eller vitne til vald: Personar med psykisk utviklingshemming

I dei seinare år har det vore utført studiar i Skandinavia med mål om å kartlegge risikoen for vald og seksuelle overgrep for personar med psykisk utviklingshemming (rapport 2, 2013. nkvt). Det er vanskelig å stadfeste sikre tall. Rapporten slår fast at menneske med psykisk utviklingshemming utgjer ei potensielt sårbar gruppe. I tillegg er dei i større grad avhengige av at nærstående personar og tilsette i hjelpetenestene oppdagar og rapporterer om vald og overgrep.

NOVA avslutta i 2014 ei landsomfattande undersøking om tenestetilbodet til valdsutsette med funksjonsnedsetjingar. Denne studien var på oppdrag frå Barne-, Ungdoms-, og Familiedirektoratet (Bufdir). Denne studien synt at det i kommunane er lite fokus på, og kunnskap om, tilbodet til personar med nedsett funksjonsevne som er utsett for vald.

Eldre

Overgrep mot eldre syner seg å vere eit vanleg, men skjult problem. Dette gjeld både i det private liv og på institusjon. Det er eit skambelagt tema, som kan vere vanskeleg å ta opp, særleg fordi valdsutøvarer som regel er nokon den eldre kjenner og har tillit til. Dei som omgås med eldre må

kjenne til kva for symptom som skal vekke mistanke om at det føregår vald. Mellom tre og fem prosent av alle eldre i Norge, ca 25 000 personar, vert utsett for overgrep i ein eller anna form. Dei vanlegaste formene for overgrep er fysiske og økonomiske, men også seksuelle, psykiske og strukturelle overgrep som omsorgssvikt eller mangel på hjelp. Dei fleste eldre vert utsett for vald og overgrep av ein person som står den eldre nær. For eldre ser ein særskilt økonomiske overgrep som kan omfatte tjuveri av pengar og verdisaker, utpressing, materielle øydeleggingar, tømte medisinskap/kjøleskap, stadige «lån» av pengar, bli tvungen til å kausjonere for lån i bank eller stille pant i eigen bustad, okkupering av bustad og sal av eigendeler/bustad ved innlegging.

Familiar med ikkje-vestleg bakgrunn

Det er ikkje uvanleg at personar som migrerer til Noreg opplev at det er krevjande å måtte tilpasse seg eit nytt lands reglar og normar (Kvello, 2010), i tillegg til at flyktningar i sær, kan ha med seg traumar eller har mista både familie, sosial status og økonomisk handlingsrom. I mange land er vald ein del av oppfostringa. Ungdom med ikkje-vestleg bakgrunn er meir utsett for grov vold enn ungdom med norsk bakgrunn, ofte som ein form for oppdragarvald. Det er synleg at det er mindre aksept for bruk av vald i innvandrarmiljø enn kva det tidlegare har vore.

Regjeringa lanserte Handlingsplan mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlestelse (2017-2020), her vert negativ sosial kontroll definert som «ulike former for oppsyn, press, trugslar og tvang som utøvast for å sikre at enkeltpersoner lever i tråd med familien eller gruppens normer». Negativ sosial kontroll vert utøvd på ulikt vis, av familiemedlem eller av miljøet rundt. Dei mest utsette er unge jenter, men også gutar kan verte ramma. Kontrollen hindrar blant anna fri deltaking i samfunnet, val av vener, det å ha kjærast eller seksualliv før ekteskap. Generelt handlar det ofte om familien si frykt for å tape ære ved at borna ikkje følgjer dei kulturelle normene som gjeld i slekta og i miljøet der ein høyrer til. Dette er noko som kan resultere i æresrelatert vald, definert som: vald utløyst av familiens behov for å ivareta eller gjenopprette ære. Æresrelatert vald har høg førekomst i familiar med sterke patriarkalske og kollektivistiske verdiar. Jenter er særleg utsett fordi deira seksuelle åtferd er knytt til familiens ære, der uønskt åtferd kan påføre skam til heile familien.

Tvangsekteskap er når ein eller begge ektefeller ikkje har moglegheit til å velje å vere ugift utan å vere utsett for vald, avgrensa fridom eller anna straffbar eller ikkje rettmessig åtferd eller utilbørleg press. Tvangsekteskap er ei form for vald i nære relasjonar. Barneekteskap er ekteskap der ein eller begge av partane er under 18 år. Fleirgifte, polygami eller bigami er å vere gift med to eller fleire personar samstundes (Regjeringa, 2017).

Kjønnslemlestelse er eit inngrep i ei kvinne, eller jente sitt kjønnsorgan som skadar kjønnsorganet, eller skaper varige endringar. Kjønnslemlestelse er forbunde med intens smerte, blødingar og kan føre til infeksjonar, kroniske smerter, seksuelle problem, psykiske problem, fødselskomplikasjonar og auka fare for dødfødde born (Regjeringa, 2017). Kjønnslemlestelse er ein kulturell praksis og vert utført på tvers av religionar og regionar, men det er særleg vanleg i eit belte rundt Sahara i Afrika, på den arabiske halvøy og i nokre folkegrupper i landa kring. Grunngevinga for omskjæring er ofte å gjere jenter klare, og eller «reine» til ekteskapet, eller for at ein skal kontrollere seksualiteten til

jenter. Gutar vert også utsett for omskjering, anten som born eller ungdom – dette er også ofte basert på kulturelle normer og praksisar, eit overgangsrite. Denne praksisen er vanleg i Midtausten, Nord-Afrika og blant den jødiske befolkninga. Dette kan også opplevast som traumatisk, og er ofte ein praksis der vedkomande ikkje får velje om ein skal verte omskore eller ikkje.

Tilbod til valdsutsette

Valdsutsette treng eit lett tilgjengeleg tilbod, ofte akutt. Når valdsutsette oppsøker hjelpeapparatet, eller når det vert meldt bekymringsmelding om vald, må kommunen ha rutinar i tenesteapparatet som responderer på meldingane, og set i verk tiltak for dei som er utsett.

Akutte behov oppstår der valdsutøvar utset andre for vald på ein slik måte at deira liv og helse er i fare om ein ikkje grip inn raskt. Den eller dei valdsutsette må snarast verte skjerma for valdsutøvar. Akutte behov oppstår òg når omsorgspersonen er i ferd med å bryte saman som følgje av langvarige påkjenningar.

Det er vesentleg å skilje mellom myndigheitsutøving og råd/retteleiing og tildeling. I kommunane er det berre barnevern som kan sett inn tiltak mot einskildpersonars vilje etter avgjerd i barnevernstenestelova. Det er berre politiet som har anledning til å utøve makt ovanfor personar.

Politi

Er ofte fyrsteinstant ved akutt behov for hjelp. Politiet sitt arbeid mot familievald har høg prioritet, og dei har tilsette som jobber opp mot familievald og seksuelle overgrep i alle politidistrikt. I Nord Hordaland lensmannsdistrikt er det politibetjent Grethe Smith Kalnes som har sakene som omhandlar familievald og seksuelle overgrep.

Kalnes har kontor i Knarvik , og kan nåast på tlf.: **40441442**

Politiet samarbeida med mange etatar og organisasjonar. Som førsteinstans ved akutt behov for hjelp tek politiet kontakt med Krisesenteret dersom den valdsutsette treng beskyttelse. Politiet opprettar sak i alle familievald-meldingar, og har tiltak som kan beskytte mot valdsutøvar.

Telefonnummeret til politiet er: 02800.

For kontakt med lokalt lensmannskontor for Solund er telefonnummeret: **56355670**

Legevakt/fastlege

Fastlegen og legevakta har på lik linje med alle andre meldeplikt til barnevern og politi når det gjeld mistanke om vald og overgrep mot born. I saker der vaksne er dei valdsutsette, må legevakt/fastlege prøve å få den vaksne til å melde forholdet av eigen vilje. Det finst unntak frå teieplikta (sjå side: 12).

Telefonnummer til legevakt: 116117

Barnevernstenesta / HAFS

Barneverntenesta skal sikre at born og unge som lev under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid, jf. Lov om barneverntenester. Ei bekymringsmelding til barnevern kan komme både skriftleg og munnleg. I saker som handlar om

vald vert ein del av vurderinga om det er vald mot born eller vald mellom foreldre/føresette. Når det er fare for liv og helse, skal barneverntenesta behandle meldinga som ei akuttsak.

Telefonnummer HAFS barnevern dagtid: 57738030. Alarmtelefon for born og unge 116 111.

Lokal vakttelefon til barnevern tenesta: 47457272. Dette nummeret skal berre nyttast i akutte valds- og overgrepssaker utanom kontortid. Denne ordninga er eit samarbeid mellom Hafs-kommunane og Jølster, Førde, Gaular, Naustdal, Flora, Bremanger og Vågsøy. Dette inneber at innringar ikkje nødvendigvis kjem til vakthavande i den kommunen akuttsituasjonen oppstår i. Ein skal få naudsynt bistand/retteleiing i akuttfasen, og vidare oppfølging frå heimkommunen seinast påfølgande arbeidsdag.

Stiftinga Kriesesenteret Sogn og Fjordane

Kriesesenteret i Sogn og Fjordane er ei privat stifting som yter lovpålagte tenester til alle kommunane i Sogn og Fjordane som finansierer drifta. Senteret er lokalisert i Florø og har 12 tilsette.

Kriesesenteret i Sogn og Fjordane blei etablert i 1985 av kriesesenterrørsla i Sogn og Fjordane med følgande formål:

Hjelpe kvinner som har vore utsette for fysisk og/eller psykisk mishandling.

Å drive haldningsskapande arbeid ved å synleggjere og skape debatt om den private valden. Stiftinga er ein politisk og religiøs nøytral organisasjon. Tilbodet skal vere eit lågterskeltilbod som er ope heile døgnet og dei som tek kontakt skal vere sikra anonymitet. Tilsette på Kriesesenteret er medmenneske som gir kvinnene og borna deira omsorg og tryggleik. Lov om kommunale kriesesentertilbod forpliktar kommunane å ha eit godt og heilskapleg kriesesentertilbod.

Kriesesenteret sitt tilbod:

- Telefonvakt/krisetelefon, informasjon, råd og rettleiing
- Dagtilbod: samtalar, råd/retteleiing og hjelp til kontakt/følgje til det offentlege hjelpeapparatet
- Butilbod for valdsutsette vaksne, og borna deira i ein kriesesituasjon
- Samtalar, råd og rettleiing
- Støtte og hjelp i kontakt med andre instansar, som til dømes medisinsk behandlingsapparat, politi, NAV, familiekontor o.a.
- Oppfølging i re-etableringsfasen, t.d. hjelp til å finne bustad, råd/retteleiing, praktisk hjelp, heimebesøk, delta i ansvarsgruppe ved behov mm.
- Rådgeving frå ein av senterets sine erfarne advokatar ved behov
- Barnefagleg hjelp utifrå kvart borns behov

Tenestene er gratis for brukarane. Telefonnummer kriesesenteret: **57743600**

SMISO: senter mot incest og seksuelle overgrep i Sogn og Fjordane

SMISO er eit støttesenter organisert som ei privat stifting støtta av det offentlege. SMISO er eit tilbod til:

- Alle menn og kvinner som har opplevd incest eller seksuelle overgrep
- Partnerar og pårørande til overgrepsutsette
- Offentleg hjelpeapparat, skule og andre som har behov for rådgjeving og informasjon om seksuelle overgrep.

Telefonnummer SMISO: **57721070**.

Landsdekkande døgnopen gratis telefon for valdsutsette: **800 57 000**.

Overgrepsmottak for menneske utsatt for seksuelle overgrep og vald i nære relasjonar

Overgrepsmottaket tek i mot personar utsett for seksuelle overgrep, og frå 2016 av også dei som er utsett for vald i nære relasjonar. Mottaket dekkjer mottak, undersøking, sporsikring og behandling for både seksuelle overgrep og dei som har vore utsett for vald i nære relasjonar. Mottaket er lokalisert til sjukehuset i Førde, og er bemanna med sjukepleiarar og legar i vaktberedskap. I overgrepsmottaket vert det gjeve behandling med omsyn til infeksjonsrisiko, uønskt graviditet og fysiske skadar. Ved mottaket vert dei hjelpte i kontakt med dei delane av hjelpeapparatet som kan vere viktig for å kome seg vidare i livet. Dei får tilbod om gratis bistandsadvokat, historia og rettsmedisinske spor vert dokumentert på ein måte som held i rettssystemet. Dette gjer det enklare for dei overgrepsutsette, dersom dei i etterkant ønskjer å melde saka, og sikrar deira rettstryggleik i tillegg til den reint medisinske behandlinga. Ein kjem i kontakt med Overgrepsmottaket via legevakt på tlf: **116117**.

Statens Barnehus avdeling i Førde

Det er vedteke i statsbudsjettet for 2018 at ein skal etablere ei avdeling av Barnehuset Bergen, avdeling Førde. Per dags dato nyttar ein Barnehuset Bergen.

Statens Barnehus er eit tilbod til born og pårørande som møter rettsvesenet etter å ha blitt utsett for vald eller seksuelle overgrep. Dei fungera òg som rådgjevar med kompetanse innanfor sitt felt til øvrig hjelpeapparat. Tanken bak barnehusa er at born som vert utsett for vald og seksuelle overgrep, skal sikrast eit godt og heilskapleg hjelpe- og behandlingstilbod samlokalisert på ein stad. Difor er Barnehusa utstyrt med dommar for avhøyr, medisinsk undersøking og for samtale og terapi.

Tlf: **55 55 69 00**.

Tiltak

Tiltak utarbeidd av den lokale arbeidsgruppa i Solund kommune. Nokre av tiltaka har vore ein del av tenestene over tid, medan andre er heilt nye og har kome ut av arbeidet med denne handlingsplanen.

	Tiltak	Lokalisering/deltakar	Ansvar	Tidsramme/status
1	Kompetanseheving om vald og overgrep i nære relasjonar	Tilsette i barnehage, skule, helsestasjon, helse og omsorg	Oppvekstsjef Helse- og omsorgssjef	Årshjul august/januar Alternere mellom felles og delt opplegg
2	Utarbeide rutinar knytt til handtering av mistanke om vald og overgrep		Einingsleiarane	Få rutinar inn i kvalitetshandboka
3	Informasjonsmateriell, brosjyre og relevant informasjon for beredskap på nettside	Brosjyre; dele ut foreldremøter, tannhelse, helsestasjon. Tilgjengeleg på legekontor, tannklinikk,	Folkehelse-koordinator i samarbeid med einingane lagar brosjyre	Innan utgangen av 2018
4	Politiråd		Ordførar, rådmann, lensmann	Gjennomgang/revisjon samarbeidsavtale politi/kommune. Årshjul for møter
5	Rutinespørsmål ved svangerskap, foreldreskap og elevar 3. og 8.trinn	Helsestasjon	Helsesyster, jordmor	Pågår
6	SMISO besøk	Oppvekst		Årshjul
7	Helsetimedag	Helsestasjon, barnevern, tannhelsetenesta, fysioterapitenesta, folkehelsekoordinator, psykisk helse/psykolog	Helsesyster	Skulestart
8	Tverrfagleg samarbeidsmøte	NAV, Barnevern, Flyktningtenesta, helsestasjon, folkehelsekoordinator, lege, tannhelse, oppvekst, PPT og helse og omsorg	Barnevern	Faste møter 2 gonger årleg
10	Temamøter	Folkehelse, oppvekst og helsestasjon	Folkehelse-koordinator	Foreldremøte

Lovverk og teieplikt

I tillegg til handlingsplanar og stortingsmeldingar, er det fleire lover som ligg til grunn for kommunane sin innsats mot vald i nære relasjonar. Aktuelle lovverk i denne samanhengen er:

Lovverk	Merknad
Lov om pasient- og brukarrettigheiter	Gir informasjon om pasient og brukar sine rettar
Lov om kommunale helse- og omsorgstenester	Omtalar i hovudsak moglege hjelpetiltak, gjev grunnlag for dei praktiske helse- og omsorgstenestene. Kap. 7 er særleg viktig, omhandlar individuell plan
Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen	Regulerar rett til økonomisk stønad, rett til krisebustad m.m og hjelp til personar som treng det for å kome seg gjennom/tilpasse seg ein vanskeleg livssituasjon (§§17,18 og 19)
Lov om barnevernstenester	Mest sentrale reglane finn ein i kap. 4 & 7
Lov om kommunale krisesentertilbud	Forpliktar kommunen til å ha eit krisesentertilbod til kvinner, menn og born. Lova krev òg at det skal etablerast kontakt med andre aktuelle delar av tenesteapparatet. Sjå §§ 3 og 4 om Individuell tilrettelegging av tilbud, og om samordning av tjenester.
Alminnelig borgelig straffelov (straffeloven)	Ei rekkje avgjerdsler vil vere aktuelle, særleg § 219 om familievald og § 222 om tvangsekteskap
Lov om rettergangsmåten i straffesaker (straffeprosessloven)	Har mange viktige reglar, særleg kap. 9 om retten til bistandsadvokat, kap. 10 om vitner, og kap 17a om besøksforbod (også i valdsutøvar sin eigen heim).
Lov om ekteskap	Her vil reglane om frivillig inngåing av ekteskap, mekling ved familievernkontoret, separasjon, skilsmisse og skifteoppgjer vere dei viktigaste
Lov om born og foreldre	Reglar om barnefordeling, kvar bornet skal bu fast, samvær og eventuell deling av foreldreansvaret
Lov om folkehelsearbeid	§ 4 gir kommunen ansvar for å forebygge fysisk og psykisk sjukdom, samt fremje god helse
Lov om barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring	Kan vere aktuell
Lov om psykisk helsevern	Kan vere aktuell

Teieplikta – kva moglegheiter gir den for samarbeid?

Teieplikta skal ikkje vere ei hindring for å samarbeide mot vald i nære relasjonar. Det er viktig med kunnskap om reglane og unntaka for samarbeid mot vald i nære relasjonar. Dette kapittelet vil gje oversikt over moglegheiter for samarbeid til tross for teieplikta. Vi har 3 sett reglar for teieplikt. Desse er:

1.	Teieplikt etter helsepersonellova av 1999. Gjeld for personell som arbeider og yter hjelp innan helse og omsorgstenestene. §21. Hovudregel om teieplikt <i>«Helsepersonell skal hindre at andre får adgang eller kjennskap til opplysningar om folks legems- eller sykdomsforhold eller andre personlige forhold som de får vite om i egenskap av å være helsepersonell»</i> §21a. Forbud mpt urettmessig tilegnelse av taushetsbelagte opplysninger <i>«Det er forbudt å lese, søke eller på annen måte tilegne seg, bruke eller besitte opplysninger som nevnt i § 21 uten at det er begrunnet i helsehjelp for pasienten, administrasjonen av slik hjelp eller har særskilt hjemmel i lov eller forskrift»</i>
2.	Spesielle teiepliktreglar etter den einskilte tenestelovgivning: Desse går framfor teieplikta etter forvaltningslova. Barnevernlova av 1992 §6-7 Helse og omsorgstenestelova av 2011 §12-1 Lov om sosiale tenester i arbeids og velferdsordninga av 2009 §44 Barnehagelova §20 Opplæringslova § 15-1
3.	Den alminnelege teieplikta etter forvaltningslova Hovudregel i §13 <i>«Enhver som utfører tenester eller arbeid for forvaltningsorgan, plikter å hindre at andre får adgang eller kjennskap til det han i forbindelse med tjenesten eller arbeidet får vite om:</i> <i>1. Noens personlige forhold</i>

	2. Tekniske innretninger og fremgangsmåter samt drifts- eller forretningsforhold som det vil være av konkurransemessig betydning å hemmeligholde av hensyn til den som opplysningen angår» Taushetsplikten gjelder også etter at vedkommende har avslutta tjenesten og arbeidet. Som personlig forhold regnes ikke fødested, fødselsdato, personnummer, statsborgerskap, sivilstand, yrke, bopel og arbeidssted
--	---

Vidare ser ein at lova gir dei ulike tenesteytarane gode moglegheiter for å samarbeide om tiltak utan at det føreligg samtykke. Barnevernet har ingen særskilde reglar å ta omsyn til når det gjeld moglegheita til å formidle, men det er krav om samarbeid. Unnataket gjeld for helsetenesta, som berre kan meddele informasjon dersom det føreligg mistanke om alvorleg omsorgssvikt.

Helsepersonell

Kommunikasjon mellom helsepersonell

Aktuelt for helsestasjon, skulehelsetenesta, legeteneste, habilitering, omsorg mv.

Helsepersonellova § 25 «med mindre pasienten motsetter seg det kan taushetsbelagte opplysningar gis til samarbeidande personell når dette er nødvendig for å kunne gi forsvarlig helsehjelp».

Samarbeidande personell er arbeidstakarar som yter hjelp innan helse- og omsorgstenestene, det er ingen bestemmingar om at helsepersonell eller helsetenestene kan gje opplysningar til andre enn helsepersonell. Vidare er det vilkår om att opplysningane er naudsynnte. Lova gjeld både for å få opplyst eit spørsmål og å bidra til å opplyse.

Opplysnings- og meldeplikt ovanfor barnevernet

Helsepersonellova §33 «Den som yter helsehjelp skal i sitt arbeid være oppmerksom på forhold som kan føre til tiltak frå barnevernets side. Uten hinder av taushetsplikten i §21 skal helsepersonell av eget tiltak gi opplysninger til barnevernstjenesten når det er grunn til å tro at barn blir mishandlet i hjemmet eller at det foreligger andre former for alvorlig omsorgssvikt»

Vilkår for dette er at det er grunn til å tru at det føreligg alvorleg omsorgssvikt. Krev barnevernet opplysningar, er det barnevernet som er ansvarleg for at vilkåra i bestemminga er oppfylt. Etter at helsepersonell har meldt i frå, er det barnevernet som skal etterforske bekymringa. Dersom helsepersonell lét vere å melde i frå om mistanke om alvorleg omsorgssvikt til barnevernet, kan ein risikere å verte straffemessig forfølgd. Helsepersonell har ikkje berre ein rett til å melde, men ei plikt til å melde i frå.

Opplysningsplikt ovenfor helse og omsorgstenesta

Helsepersonellova §32 – opplysninger til den kommunale helse og omsorgstenesten.

Den som yter helsehjelp skal vere merksam på forhold som bør føre til tiltak frå den kommunale helse- og omsorgstenesta. Ein kan gje opplysningar om slike forhold etter at samtykke er innhenta, eller i nokre tilfelle utan samtykke. Eit eksempel på eit slikt tilfelle er dersom helsepersonell vert merksam på at ei gravid kvinne brukar rusmiddel, kan ein melde i frå utan samtykke.

Lege

Legar har teieplikt med mindre det føreligg ein situasjon skildra i lova som gir grunnlag for å utlevere informasjon til politi. Det er fleire unntak frå kravet om teieplikt; unnatak som utløyser opplysningsplikt, og unnatak som gir opplysningsrett/taushetsrett.

Dersom det føreligg ein situasjon der informasjon er naudsynt for å avverge alvorleg skade på person eller eigedom, skal leger eller anna helsepersonell utlevere informasjon, jf. Helsepersonellova § 31. Dette er nytt og gjeld både ovanfor politi og andre naudetatar for å verne om liv og helse eller for å hindre store materielle skadar.

Ein kvar borgar har opplysningsplikt til politiet for å avverge alvorlege forbrytelsar mot einskildpersonar, som valdtekt, incest, grov vald og drap, dette jamfør straffelova § 139.

Barnehage, skule og PPT

PPT arbeidar som rådgjevar til skule og barnehage, det er teieplikta i forvaltningslova som gjeld. Forvaltningslova § 13b gjer moglegheiter for intern kommunikasjon i den eininga som yter tenesta, men den kan ikkje nyttast i samarbeid med eksterne organ eller tenester.

Tieplikta er ikkje til hinder for å gje opplysningar til andre slik at barnehage, skule eller PPT kan få relevant informasjon frå helsetenesta for å kunne utføre eige arbeid, jf. unnatak nye opplysningar frå helsepersonell. Det er òg mogleg å gje opplysningar dersom det er andre som bør følgje opp for å fremje organets oppgåver jf. forvaltningslova § 13b nr 5. Eksempel på dette er at skulen kan gje opplysningar til helsetenesta om at dei bør følgje opp helse utfordringar til bornet, dersom desse utfordringane er medverkande årsak til at bornet har utfordringar med læring.

NAV

For NAV er det forvaltningslova som gjeld, noko som gjer det mogleg å dele informasjon internt. Vidare vert det gitt rom for å kommunisere opplysningar til andre tenesteytarar dersom opplysningane vert brukt for å oppnå det føremål dei er gitt etter innhenta for. Døme på dette kan vere å opplyse helsetenesta om tilhøve i heimen for å fremje arbeidet med eiga sak. NB: helsepersonell har ikkje høve til å gje informasjon tilbake.

NAV har høve til å kommunisere opplysningar til andre tenesteytarar, men lov om sosiale tenester §44 modifierar retten som elles føl av forvaltningslova § 13 nr 5. Opplysningane må vere naudsynte for å fremje forvaltningsoppgåver, eller for å førebygge vesentleg fare for livet eller skade på nokon si helse. I særskilde tilfelle kan NAV be om opplysningar frå offentlege organ, jf §43, men dei kan

ikkje be om opplysningar frå helsepersonell. Ved mistanke om alvorleg omsorgssvikt har personell innanfor NAV ei plikt til å varsle barnevernet.

Barnevernet

Intern kommunikasjon

Tieplikta er ikkje til hinder for at opplysningane er tilgjengelege for andre tilsette innanfor same etat (alle administrativt nivå innanfor barnevernsmyndigheten, med unnatak av fylkesmannen, fylkesnemnda for sosiale saker, barne og familiedepartementet). Føresetnaden er at det ikkje går lengre enn det som er naudsynt for ei hensiktsmessig arbeids- og arkivordning.

Kommunikasjon med andre

Barnevernet kan formidle opplysningar til andre i forbindelse med handsaming av ei barnevernsak. Herunder er vurderinga av om det er behov for å iverksetje tiltak, gjennomføre dei, følgje dei opp og føreta kontroll. Det kan formidlast opplysningar på alle trinn i saka. Det må vere ei aktuell sak, og det må vere naudsynt å formidle opplysningane for å oppnå føremålet.

Barnevernet har rett til å innhente opplysningar frå andre, jf barnevernslova § 6-4. Dei kan i stor utstrekning henvende seg til andre for å få undersøkt saka dei har til undersøking, sjølv om det ikkje føreligg samtykke. Unnataket gjeld for opplysningar frå helsepersonell: her må det føreligge samtykke om det ikkje er mistanke om alvorleg omsorgssvikt.

Unnataket er at opplysningar kan delast med andre når det er naudsynt å fremje barneverntenesta sin institusjon eller førebygge vesentleg fare for liv eller alvorleg skade på nokon si helse.

Barnevernets opplysningsplikt

Barnevernet skal gi meldar tilbakemelding innan tre veker. Tilbakemeldinga skal òg opplyse om det er opna undersøkelsessak jf. Barnevernslova § 4-3. Barnevernet bør gje andre tenester/einingar opplysningar om at ei sak er avslutta dersom dette fremjar barneverntenesta sine oppgåver. I eit samarbeidsperspektiv er dette viktig. Barnevernet har særskild meldeplikt ovanfor helse- og omsorgstenestene dersom det er grunn til å tru at ei gravid kvinne brukar rusmiddel.

Opplysningsplikt til barnevern, og tilbakemeldingsplikt

Ved mistanke om omsorgssvikt, vald eller vitne til vald, har alle offentlege tenester og instansar ei lovpålagt plikt til å melde frå til den kommunale barnevernstenesta. Plikta er heimla i barnevernslova § 6-4 og lover som gjeld for den einskilte teneste, både i privat eller offentlig sektor. Plikta medfører at ein har eit individuelt ansvar, som berre kan oppfyllest ved umiddelbar melding til barnevernet. Denne plikta ligg til alle tilsette.

Det er viktig med gode melderutinar, det er oftast overordna leiar som har ansvaret for å melde i frå til barnevernet. Dersom den overordna ikkje melder i frå til barneverntenesta, må den tilsette om naudsynt sjølv gå vidare med saka.



Barnehagelova § 22 presiserer at tilsette i barnehage utan hinder av teieplikt skal gi opplysningar til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at eit born vert mishandla i heimen, eller mistanke om at det føreligg andre former for alvorleg omsorgssvikt. Det same gjeld når eit born syner vedvarande alvorlege åtferdsvanskar. Born som er med foreldre til krisesenter, har ein sjølvstendig rett til hjelp. Krisesentra er pålagt meldeplikt til barnevernet etter krisesenterlova.

Alle som sender ei bekymringsmelding har krav på tilbakemelding frå barnevernstenesta, jf. § 6-7a i barnevernlova. Kva opplysningar barnevernstenesta skal gje tilbake kjem an på om meldinga kjem frå «offentleg melder» eller frå ein privatperson. Tilbakemeldingsplikta er meint å styrke tilliten mellom barnevernet og å fremje eit godt og funksjonelt samarbeid mellom barneverntenesta og andre tenester. Samtykke frå foreldre og ungdom over 15 år til å samarbeide, syner seg å vere positivt, dei fleste gjev samtykke til samarbeid.

Interkommunale- og kommunale rutinar

I dette kapitlet vert skjematisk saksflyt i valds- og overgrepssaker frå barnevernet presentert, samt samarbeids avtale mellom barnevern og tannhelsetenesta. Desse rutinane er dei same for heile Hafs-regionen. Vidare ser vi på dei kommunale rutinane i følgjande rekkefølge: Oppvekst, Helse og omsorg, Helsestasjon og NAV.


Interkommunale rutinar

Barneverntenesta

I figuren under ser ein den skjematiske saksflyten i valds- og overgrepssaker i barnevernet. I neste figur følgjer forklaringa på saksflyten.

Skjematisk saksflyt i valds- og overgrepssaker

Rettleiaren sitt arbeidsfelt
i første fase:



Skjematisk saksflyt i valds- og overgrepssaker**Forklaring til dei gulfarga boksane i flytskjemaet****1. Anonym drøfting med barnevernet**

* Denne drøftinga skjer uten at foreldre er informerte og gjeld mellom anna om dei skal informerast og eventuelt av kven.

* Slik drøfting kan også gjerast anonymt i eit etablert tverrfagleg forum.

2. Melding til barnevernet

Det er i hovudsak fire vegar inn:

* Melding frå offentleg instans, kommunal teneste eller politi.

* Mistanke om vald/overgrep vert avdekka i eksisterande sak. Då er nye opplysningar komne fram og barnevernet skriv ny melding til seg sjølv basert på desse opplysningane.

* Melding frå den fornærma. Barn og ungdom og deira nære familie kan sjølve ta kontakt.

* Privat melder. Naboar eller familiemedlemmer kan melde valds- og overgrepssaker. I prinsippet følgjer ein dei samme rutinene som når meldinga kjem frå offentleg instans. Saka vert likevel handsama noko annleis, fordi ein så langt det er mogeleg må avdekke om det kan ligge andre motiv bak, som t.d. barnefordelingskonflikter eller andre konflikter.

3. Avklaring mot melder

* Hovudregelen er at meldingar om alvorleg omsorgssvikt/vald alltid skal undersøkast.

* Nokre meldingar kan vere uklart formulerte eller ha mangelfulle opplysningar. Slike meldingar skal rutinemessig avklarast med offentleg melder før ein konkluderer om oppfølging. (7dagar)

4. Tilbakemelding til offentleg melder

* Barnevernet si teieplikt hindrar ikkje at offentleg melder som hovudregel får tilbakemelding på om barnevernet går vidare med saka eller legg henne vekk.

* Detaljar uvesentleg. (need to know – nice to know)

5. Barnevernet si drøfting med politiet

* Etter straffelova har barnevernet til liks med alle andre tenester plikt til å melde straffbare tilhøve som vald og overgrep. Barnevernet si primær oppgåve er likevel å hindre at barnet vert utsett for overgrep.

* Barnevernet skal difor gjere ei sjølvstendig vurdering av om, når og korleis saka skal meldast til politiet.

* Dei første drøftingane kan difor vere anonyme for ikkje å løyse ut politietterforskning før dette vert vurdert til å vere til beste for barnet. Det er såleis nødvendig med ein dialog der alle omsyn vert vurderte i slike saker.

6. Samtykke

* Hovudregelen er at barnevernet alltid skal søkje samtykke til å drøfte og samarbeide med andre tenester.

* I saker der nære omsorgspersonar kan vere overgripingar kan det vere tilhøve som talar mot ein slik praksis, men det skal i så fall vere tydeleg vurdert og grunngitt.

7. Barnevernvedtak

* Barnevernet skal synleggjere arbeidet sitt i einskildvedtak etter barnevernlova.

* Ei avgjerd om å melde overgrep til politiet er ei administrativ avgjerd og treng ikkje vere synleggjort i eit vedtak (som utløyser klagerett osv.)

* Hovudregelen er at mistanke om vald og overgrep skal meldast til politiet. Det vil difor vere større krav til dokumentasjon for ikkje å politimelde ein mistanke om overgrep enn det er for å melde. Av omsyn til barnet sitt beste kan det forsvarast å utsetje eller vente med politimelding til ein har vurdert kva konsekvens det vil ha for barnet og har førebudd moglege tiltak.

* Avgjerd om å politimelde kan takast uten at undersøkinga har konkludert. Vurderinga vidare i undersøkinga vil då få eit nytt moment knytt til det faktum at omsorgspersonar er politimelde.

* Vedtak i alvorlege valds- og overgrepssaker skal, som i andre alvorlege saker som gjeld omsorgssvikt, også drøfte samarbeid med andre instansar og om dette er basert på samtykke eller ikkje.

8. Politiet si etterforskning

* Føremålet med etterforskninga er også å få fram nødvendige opplysningar som barnevernet treng i si vurdering av om det skal setjast i verk tiltak etter barnevernlova.

9. Drøfting mellom politiet og barnevernet

* Saker som gjeld vald eller overgrep mot barn, eller der barn vert sterkt berørt av etterforskning eller eventuell straff, skal drøftast med barnevernet.

Slike saker skal som hovudregel meldast (jfr. meldeplikta i barnevernlova)

* Politiet og påtalemakta har, så langt det er mogleg, plikt til å ta omsyn til kva som er til beste for barnet. Det er difor heilt nødvendig med ein tett dialog og samarbeid med barnevernet og eventuelt andre samarbeidspartar i slike saker.

* I dette samarbeidet må ein ha fokus på å dra tydelege grenser mellom kva som er den einskilde instans sine arbeidsoppgåver, og å tilpasse desse til kvarandre i form og tid.

Tannhelsetenesta i Sogn og fjordane

I tabellen under ser ein samarbeidsavtalen mellom barneverntenesta og tannhelsetenesta i Sogn og fjordane. Tannhelsetenesta si målgruppe som fell under denne avtalen er born og unge frå 0-18år.

Mål:	Etablere gode rutinar mellom barnevernstenesta og tannhelsetenesta for å kunne avdekke omsorgssvikt og overgrep mot barn og unge. Samarbeidet og rutineane må sikra at barna sin integritet blir ivaretatt. Behandling og oppfølging må tilretteleggast på ein god måte som fører til det beste for barnet.
Delmål:	Sikra tverrfagleg samarbeid og auka kompetanse på begge tenestenivå.
Dette inneber at:	- tannhelsepersonell har kompetanse til å kjenne igjen symptom i munnhole og åtferds- mønster som mellom anna kan tyda på seksuelle overgrep, omsorgssvikt og spiseforstyrningar. - tannhelsetenesta må synleggjera sin kompetanse og bidra med den. - tannhelsetenesta er inkludert i eit større tverrfagleg samarbeid og gjort kjent med dei fagmiljø som er etablert i kommunen. Barneverns- tenesta må leggje til rette for at tannhelsetenesta blir integrert i samarbeidet. - helsefremjande og førebyggjande tiltak vert sett i verk.
Krav:	- Lov om tannhelsetjenesten. LOV-1983-06-03-54 § 1–3, 1. ledd bokstav a <i>Barn og ungdom fra fødsel til og med det året de fyller 18 år.</i> - Lov om barnevernstjenester LOV 1992-07-17 nr 100 § 6-4 <i>Opplysningsplikt til barnevernet.</i> - Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. LOV-2011-06-24-30 Lov om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten m.m. LOV-1984-03-30-15 - Lov om pasient- og brukerrettigheter. LOV-1999-07-02-63 Lov om helsepersonell m.v. LOV-1999-07-02-64 - Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker. LOV 1967-02-10 nr 00 § 13 <i>Taushetsplikt.</i> - Lov om folkehelsearbeid. LOV 2011-06-24 nr 29
Barneverntenesta sitt ansvar:	- Delta på samarbeidsmøte med tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane. - Inngå skriftleg samarbeidsavtale med tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane. - Kjenne til tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane sine rutinar for innkalling, informasjon til føresette og sending av bekymringsmelding. - Vere tilgjengeleg for tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane med råd og rettleiing i saker der det er mistanke om at eit barn kan vere utsett for vald, misbruk eller andre former for alvorleg omsorgssvikt. Også i saker der ein er usikker på grad av bekymring, kan barnevernstenesta gje råd og rettleiing. Drøftingar i enkeltsaker skal vere anonyme inntil det 42 føreligg ei bekymringsmelding til barnevernet.

	- Barnevernstenesta skal gje tilbakemelding til den som melder. Tilbakemeldinga skal sendast seinast innan tre veker etter at meldinga er motteke. Tilbakemelding kan unnlatast i tilfelle der meldinga er klart ugrunna eller der andre særskilte omsyn veg imot å gje tilbakemelding (Lov om barnevernstenester § 6–7a). Tilbakemeldinga skal bekrefte at meldinga er motteken. Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane skal òg opplysast om det er opna sak etter barnevernslova § 4–3. Dersom det er opna sak skal tannhelsetenesta ha ny tilbakemelding om at undersøkinga er gjennomført. Den nye tilbakemeldinga skal innehalde opplysningar om saka er lagt bort eller om barnevernstenesta følgjer opp saka vidare.
Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane sitt ansvar	- Kalle inn til årleg samarbeidsmøte mellom barnevernstenesta og tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane og skrive referat frå møta. (Skriftleg innkalling med saksliste.) - Inngå skriftleg samarbeidsavtale med barnevernstenesta. - Informere barnevernet om tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane sine rutinar for innkalling, informasjon til føresette og sending av bekymringsmelding. - Informere barnevernet om relevante opplysningar som kan innhentast frå tannhelsetenesta (sjå side 18). Tannhelsetenesta skal svare på konkrete spørsmål frå barnevernet som er relevant for saka det gjeld. Gjera personalet i tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane kjent med kontakt-team og telefonnr. til barnevernstenesta i sitt område/distrikt. Kontakt-team: Tlf.: - Tannhelsepersonell skal på eige initiativ sende bekymringsmelding til barnevernstenesta når det er grunn til å tru/mistanken om at eit barn blir utsett for vald, overgrep eller andre former for alvorleg omsorgssvikt. - Utan hinder av teieplikta skal helsepersonell av eige tiltak gje opplysningar til barnevernet når det er grunn til å tru/mistanke om at barnet blir mishandla i heimen eller at det føreligg andre former for alvorleg omsorgssvikt. Jf. lov om barnevernstenester § 4–10, § 4–11, § 4–12. Det same gjeld barn med vedvarande åtferdsvanskar jf. nemnde lov § 4–24. I saker der ein er usikker på grad av bekymring, kan barnevernstenesta gje råd og rettleiing. Drøftingar i enkeltsaker skal vere anonyme inntil det føreligg ei bekymringsmelding til barnevernet.

Rutinar i Solund Kommune

Born som opplev vald i nære relasjonar, bistand om omsorg – arbeid og rutiner for å avdekke vald i nære relasjonar, helsestasjon og NAV sine rutiner vert presentert i dette kapittelet.

Born som opplev vald i nære relasjonar

Solund barnehage og Solund barne og ungdomsskule – grunn til bekymring, teikn og handling

	Grunn til bekymring	Teikn	Handling
1	Barnet vert henta av rusa person	Alkohol: Personen har ustø gange, utydeleg tale Andre rusmidlar: utvida pupillar, utydeleg og unormal tale.....	Hald barnet tilbake. Om personen køyrer bil/motorsykkkel: ring politi 02800 . I alle tilfelle: Ring andre familiemedlemer som er ført opp som omsorgspersonar. Om du ikkje får tak i andre: ring barneverntenesta: tlf. 9482 6307 / 4727 1629 . Ring styrar/rektor
2	Barnet vert fysisk mishandla	Barnet fortel om hendingar. Fysiske teikn som rifter. Barnet endrar åtferd. Konsentrasjonsvanskar. Stille, inneslutta. Utagerande, høgt aktivitetsnivå, hyperaktiv. Emosjonell ustabil, trist, uro, gråt, sinne, lav frustrasjonsterskel	Samtale med pedagogisk leiar og styrar/rektor: Kva konkret er grunnen til bekymringa, i kva situasjonar oppstår bekymringa, har det skjedd noko spesielt med barnet eller foreldra eller i samspelet mellom dei? Ring barneverntenesta for rettleiing/konsultasjon. Skriftleg melding til barneverntenesta. Foreldra skal <u>ikkje</u> informerast.
3	Barnet vert utsett for seksuelle overgrep	Barnet fortel om hendingar. Fysiske teikn som påførte blåmerke, arr etter sigarett, tau/band. Barnet endrar åtferd. Seksualisert åtferd. Konsentrasjonsvanskar. Stille, inneslutta. Utagerande, høgt aktivitetsnivå, hyperaktiv. Emosjonell ustabil, trist, uro, gråt, sinne, låg frustrasjonsterskel.	Samtale med pedagogisk leiar og styrar/rektor: Kva konkret er grunnen til bekymringa, i kva situasjonar oppstår bekymringa, korleis opptrer barnet eller foreldra i desse situasjonane, har det skjedd noko spesielt med barnet eller foreldra eller i samspelet mellom dei? Ring barneverntenesta for rettleiing/konsultasjon. Skriftleg melding til barneverntenesta. Foreldra skal <u>ikkje</u> informerast.

			Snakk med barnet. Bekreft kjenslene. Be barnet fortelje ved å seie: "Fortell.."
4	Generell uro over barn sin omsorgssituasjon	Manglande oppfølging frå heimen. Barnet viser teikn på mistrivsel. Lite god/dårleg kvalitet på samspel/relasjon mor/barn, far/barn. Barnet følgjer ikkje normal utvikling. Barnet er ustelt, har dårleg hygiene, skitne/ueigna klede, dårleg/mangelfull niste. Foreldra følgjer ikkje opp, kjem ikkje på foreldresamtalar m.m. Omsorgspersonen har fysiske og/eller psykiske helseplager. Omsorgspersonen har eit rusproblem.	Den som har meldt bekymringa, pedagogisk leiar og styrar/rektor: Samtale, refleksjon over kva som konkret er grunnen til bekymringa, i kva situasjonar oppstår bekymringa, korleis opptrer barnet eller foreldra i desse situasjonane, har det skjedd noko spesielt med barnet eller foreldra eller i samspelet mellom dei? Observasjon. Loggbok. Samtale med foreldre. Ver konkret beskrivande om grunnen til bekymringa. Ver tydeleg på kva som skal skje vidare. Om samtykke frå foreldre: med namn. Om ikkje: anonym konsultasjon. Be eventuelt om samtykke til å melde saka til barneverntenesta
5	Barnet er vitne til vald i nære relasjonar (Barnet er eige rettssubjekt)	Barnet fortel om hending(ar). Barnet endrar åtferd. Konsentrasjonsvanskar. Stille, inneslutta. Utagerande, høgt aktivitetsnivå, hyperaktiv. Emosjonell ustabil, trist, uro, gråt, sinne, lav frustrasjonsterskel.	Legg til rette for samtale med barnet ved å bekrefte det barnet seier og bruke ordet "fortell". Skriftleg melding til barneverntenesta. Be om rettleiing på kva prosedyre som skal brukast vidare
6	Barn med psykiske vanskar	Barnet er engsteleg, redd, leikar lite. Overgang heim barnehage er vanskeleg. Tilvenninga tek uvanleg lang tid. Har tilknytningsvanskar.	Pedagogisk leiar og styrar: Samtale, refleksjon over kva som konkret er grunnen til bekymringa, i kva situasjonar oppstår bekymringa, korleis opptrer barnet eller foreldra i desse situasjonane, har det skjedd noko spesielt med barnet eller foreldra eller i samspelet mellom dei? Samtale med foreldre/føresette om vår grunn til bekymring. Ver tydeleg og konkret. Innhent samtykke til samarbeid med andre instansar som t.d. helsestasjon, PPT.

Helse og omsorg– arbeid og rutinar for å avdekke vald i nære relasjonar.

Herunder ser vi nærare på vald mot eldre og vald mot personar med nedsett funksjonsevne.

Vald mot eldre.

Helse og omsorg har ei omfattande brukargruppe der ein stor del av brukarane er eldre. Vald i nære relasjonar mot eldre vert snakka lite om, men ein veit at eldre vert utsett for overgrep. Overgrep mot eldre omfattar fysiske, psykiske, økonomiske og strukturelle overgrep. Omsorgssvikt er og eit overgrep. Helse og omsorg kan oppleve at brukarar vert utsett for ein eller fleire former for vald. Valden kan ha vore vedvarande, eller oppstått/verte verre ved sjukdom i alderdomen. Heimetenesta er bevisst på å fylgje opp ved mistanke om vanskelege heimesituasjonar. Ein observerer og legg særskilt merke til endringar:

Observer og ver merksam på:

- Endringar generelt hjå brukar
- Angst og uro, søvnproblem, smerte problematikk
- Vektendring
- Blåmerke og skader
- Personen fortel om hendingar eller antyder vanskar
- Observasjon av ektefelle og pårørande, om dei er ampre og verkar slitne
- Generelle teikn på endring i økonomi, t.d. manglande kle, mangel på mat i heimen, ikkje pengar til frisør osb.
- Sosial isolasjon

Dersom det er mistanke om at ein brukar i heimetenesta er utsett for vald, skal ein sette i verk tiltak, med mindre ein har snakka med den valdsutsette som ikkje ynskjer at noko skal gjerast. Den enkelte tilsette skal drøfte problemstillinga med avdelingsleiar først.

Handling:

- Diskutere i personalgruppa, er det fleire som har observasjonar? Legge ein plan for oppfølging i gruppa som jobbar mot brukar. Primærkontakt er ansvarleg for å følgje opp og kartlegge situasjonen.
- Om ein er usikker kan ein diskutere anonymt med kompetanse i helseføretaka og krisesenter.
- Samtale med brukar. Tilsette må ha kunnskap og kompetanse til å gjennomføre samtaler om vald. Dette kan lette dialogen. Bistand og oppfølging må gjevast på brukar sine premisser, og skal ikkje oppfattast som krenkande for den det gjeld.

- Tilby tenester som kan lette heimesituasjonen som praktisk bistand, avlasting, dagtilbod , bustad osv.
- I enkelte høve der ein mistenker vald mot personar med større kognitiv svikt og manglande samtykkekompetanse kan det vere naudsynt å involvere pårørande eller verje.
- Det kan og vere naudsynt å be om samtykke til å ta opp problemstilling med fastlege som gjerne er kjend med problemstillinga, og ev. andre instansar som har kompetanse på området.
- Dersom saker skal meldast til politiet, skal dette alltid gå gjennom einingsleiar for Helse og omsorg.

Vold mot personar med psykisk utviklingshemming.

Helse og omsorg ytt tenester til både vaksne og born med psykisk utviklingshemming. Personar med psykisk utviklingshemming er sårbare i relasjonar, og ofte svært avhengige av sine omsorgspersonar. Mange har redusert evne til å utrykke seg verbalt, og det kan vere naudsynt med god kjennskap til den enkelte for å kunne oppfatte endringar eller ubehag. Personar med psykisk utviklingshemming mottok tenester på ulikt nivå, både heildøgnsstilbod, tilbod delar av dagen, avlasting, dagtilbod og støttekontakt.

Det er vanskeleg å oppdage vald der brukarane berre har støttekontakt og heimetenesta elles har liten kjennskap til dei. I tilfelle der ein har meir kontakt med brukarane og kjenner dei betre er det lettare å sjå endringar og teikn på at dei kan vere utsett for vald eller overgrep.

Kvar tilsett er ansvarleg for å bidra til å avdekke vald, ein må observere og vurdere. Tilsette melder mistanke om vald, hendingar og synlege teikn til avdelingsleiarar, som igjen melder til tenesteleiar for Helse og omsorg ved behov for tiltak.

Då personar med psykisk utviklingshemming kan ha vanskar med å utrykke kva dei er utsett for, er det viktig å observere generelle endringar i trivsel og åtferd:

Observere:

- Blåmerke /kular /brot
- Endring av åtferd; vert/ om personen er prega av angst, utagering, om personen vert unormalt stille eller inneslutta
- Rød /sår i lyske/kjønnsorgan
- Vektendring
- Generelt dårleg hygiene, teikn på vanskjøtte.
- Personen fortel om uakseptable hendingar

Handling :

- Ein kan kontakte foreldre/verje i høve den bekymringa ein har. Spør om situasjonen er vanskeleg. Kan og spørje direkte om hendingar, grunn for skader osv.
- Samtale med brukar, opne for at vedkommande kan fortelje. Tilsette må ha kunnskap og kompetanse til å gjennomføre samtaler om vald, særskilt kompetanse om personar med psykisk utviklingshemming.
- Tilsette kan ved mistanke kartlegge situasjonen over tid.
- Diskutere anonymt med kompetanse i helseføretaka, barne- og vaksenhabiliteringa.
- Førebyggande samtaler med særleg utsette brukarar.(seksualopplysing).
- Innhente samtykke til å samhandle med andre som t.d. fastlege.

Det kan verte naudsynt å melde saker til politi eller barnevern. Dette skal alltid drøftast med tenesteleiar for Helse og omsorg som melder saka.

Helsestasjon

Helsestasjonen har kontakt med alle born og ungdom mellom 0-20 år, og har difor ei unik moglegheit til å fange opp og gje tidleg hjelp til alle born, unge og deira familie. Vald utspelar seg oftast i småbarnsperioden. Faglitteraturen viser at vald mot born er hyppigast i aldersgruppa under 5 år. Helsestasjonen og skulehelsetenesta må spørje om vald og gjere det skjematisk slik at terskelen blir lågare for dei som måtte trenge hjelp. Forsking viser at familievald aukar i frekvens når ei kvinne vert gravid. Jordmor må vere merksam på teikn og gje kvinner moglegheit til å snakke om vald i heimen.

Teneste	Førebyggjande tiltak	Ansvar	Samarbeidspartnarar
Svangerskaps-Omsorga	- Kartlegg kvinna si psykiske helse - Kartlegg paret sitt forhold til rusmiddel - Kartlegg vald, fysisk, psykisk, på konsultasjon der kvinna kjem aleine - Kartlegging kjønnslemlesting, gi info. Om norsk lov, rettar og plikter - Foreldreførebuande møte for 1. gangs gravide/foreldre - Informasjon om 1.gangs	Jordmor	Fastlege 2.linjeteneste, Helse Førde Helsesyster Barnevern
Helsestasjon	- Heimebesøk, viktig for å heimesituasjonen til familien - Samspel – tilknytning - Faste, hyppige konsultasjonar gjennom fyrste leveår - Samspel – tilknytning er eit stort fokusområde på alle kontrollar - Barneoppdragelse – grensesetjing er tema på fleire kontrollar - Informasjon om kjønnslemlestelse til familiar frå risiko områder - Helsesyster skal drøfte saka anonymt med barnevern	Helsesyster	Helsestasjon Fastlege Barnevern
Skulehelsetenesta	- Undersøking ved skulestart. Bornet bør vere lett avkledd under somatisk del av undersøkinga. Kartlegg familie, forhold og samspel. - Helsesyster faste dagar på skulen	Helsesyster	Skulelege Fastlege Barnevern



	- Konsultasjonar med enkeltelevar etter bekymring frå lærar - SMISO – samarbeid i alle 5.-6.klassar. Her blir det samtale om psykisk helse, rus, vald og seksuelle overgrep. - Individuell samtale med alle 5. og 8. klassingar, eige skjema som dei fyller ut. Her blir det bl.a. fokusert på psykisk helse. Spørje om dei har opplevd vald. - Undervisning 2.kvart år i 9.-10. kl – medisin studentar - Ved bekymring kan helsesyster drøfte saka anonymt med barnevern, eller sende skriftleg melding. - Skriftleg melding vert dokumentert i barntes journal, fast prosedyre. - Undervisning på innvandrarsenteret		
--	--	--	--

NAV Solund - rutine ved vald i nære relasjonar

Mål	<i>Sikre at born og vaksne som lever under tilhøve som kan skade helse og utvikling får hjelp til rett tid.</i>
Krav	Lov om sosiale tjenester i NAV § 45, opplysningsplikt til barneverntenesta Lov om sosiale tjenester i NAV § 17, opplysning, råd og veiledning
Ansvar	Leiar ved NAV Solund
Gjeld for	Alle tilsette ved NAV Solund
Samarbeidsinstansar	HAFS barnvernteneste, fastlege, Krisesenteret i Flora, Helsestasjon, Flyktningteneste, Psykisk helse og Rusteneste
NAV møter personar som er eller har vore utsatt for fysisk og psykisk vald i nære relasjonar. Vald og etterverknader kan medføre manglande fullføring av utdanning og deltaking i arbeidslivet, og får konsekvensar for både enkeltindivid, heile familiar og samfunnet. Frå eit arbeidsretta og sosialfagleg perspektiv, er det naudsynt at dei tilsette har kunnskap om vald.	
Grunn til bekymring kan vere: • Sjeldan kjem aleine til avtalar, og der ektefelle/partner ofte er med • Må diskutere alle avgjersler med ektefelle/partner/familie • Auke av inntak av rus- eller legemidlar • Motset seg hjelp som gjev eller krev innsyn i familien eller parforholdet • Oppfattar seg sjølv som ein belastning for familien eller hjelpeapparatet • Har utagerande åtferd • Klage over diffuse problem som mellom anna smerte i hovud, mage, diagnosane PTSD, angst eller depresjon • Ynskjer hjelp til arbeid og bustad etter å ha flytta brått til ny stad • Er anspent og/eller urolig, viser teikn på frykt eller stress • Synlege teikn på å ha blitt utsett for fysisk vald (blåmerker, uvanleg hyppige skader, skader som ikkje kan forklarast osv)	
Dersom barn er involvert skal saka drøftast anonymt med HAFS barnevernteneste og/eller sende skriftleg bekymringsmelding. Det skal nyttast eige skjema, som ligg på Solund kommune si nettside.	
Lenkje til fagstoff www.nav.no	https://www.nav.no/no/NAV+og+samfunn/Samarbeid/Relatert+informasjon/Vold+i+n%C3%A6re+relasjoner+og+menneskehandel Vald i nære relasjoner og menneskehandel Pkt 3.14 har oversikt over kontaklinformasjon til andre hjelpeinstansar

Lov om sosiale tjenester i NAV § 45, Opplysningsplikt til barnevernstjenesten

Personell som arbeider innenfor rammen av denne loven skal i sitt arbeid være oppmerksom på forhold som kan føre til tiltak fra barnevernstjenestens side.

Uten hinder av taushetsplikt skal personellet av eget tiltak gi opplysninger til barnevernstjenesten, når det er grunn

til å tro at et barn blir mishandlet i hjemmet eller det foreligger andre former for alvorlig omsorgssvikt, jf. lov om barneverntjenester §§ 4-10 til 4-12, eller når et barn har vist vedvarende alvorlige adferdsvansker, jf. samme lov

§ 4-24. Organene som er ansvarlige for gjennomføringen av lov om barneverntjenester, kan også pålegge personellet å gi slike opplysninger.

Lov om sosiale tjenester i NAV § 17, Opplysning, råd og rettleiing

Opplysning, råd og veiledning er en av kjerneoppgavene i NAV-kontoret. Hensikten med tjenesten er å løse eksisterende sosiale problemer, og å forebygge at slike problemer oppstår. Retten til tjenesten er derfor uavhengig av om den som søker råd og veiledning allerede er kommet i en vanskelig situasjon, eller søker eller mottar andre tjenester fra NAV.

Plikten til å gi opplysning, råd og veiledning har nær sammenheng med lovens formål.

NAV-kontoret skal vurdere hvilke råd og veiledningsbehov den enkelte har, og tilpasse tjenesten ut fra dette. Hjelp til selvhjelp er et grunnleggende prinsipp for tjenestens innhold.

Tjenesten skal styrke den enkeltes mulighet for å mestre egen livssituasjon, og baseres på aktiv involvering og deltakelse.

Opplysning, råd og veiledning er et viktig virkemiddel for å nå lovens målsetting om å bidra til at utsatte barn og unge og deres familier får et helhetlig og samordnet tjenestetilbud. Kartlegging av barn og unges behov i familier som er mottakere av økonomisk stønad til livsopphold vil være nødvendig for å kunne gi veiledning i den konkrete situasjonen. Behov for deltakelse i skolefritidsordning eller fritidsaktiviteter er eksempler på forhold som kan bli avdekket gjennom en kartlegging.

I tillegg til å være en individuell tjeneste, innebærer bestemmelsen også en plikt til å gi generell informasjon ut til befolkningen og å drive oppsøkende informasjonsvirksomhet til særskilte grupper hvis det er i tråd med bestemmelsens hensikt.

4.17.2 Nærmere om bestemmelsens innhold

4.17.2.1 Veiledning overfor tjenestemottaker

Sosiale problemer kan ha sammenheng med utfordringer på ulike livsområder. NAV-kontoret skal på bakgrunn av sin råd og veiledningsplikt ha et helhetlig fokus på tjenestemottakerens livssituasjon på ulike områder, som arbeid og aktivitet, helse, fritid, hjemmesituasjon, omsorgsoppgaver, boligforhold, nettverk og økonomi.

Hvis tjenestemottakeren har behov for det, skal NAV-kontoret gi slik opplysning, råd og veiledning som vurderes nødvendig for å forebygge eller løse den enkeltes sosiale problemer. Bestemmelsen omfatter alt fra rutinemessige svar av generell karakter til faglig kvalifiserte råd, veiledning og



familieoppfølging i det enkelte tilfellet. Innholdet i råd og veiledningen må vurderes ut fra sosialfaglige normer og behovene til den enkelte tjenestemottaker.

NAV-kontoret har plikt til å henvise til andre forvaltningsorgan i tilfeller der veiledningsbehovet går ut over NAV-kontorets kompetanse, og skal “så vidt mulig” sørge for at andre instanser gir hjelp. Denne formuleringen er valgt fordi NAV-kontoret ikke kan pålegges å skaffe til veie faglig hjelp som er underlagt andre instansers myndighetsområde. Det er ikke meningen at NAV-kontoret skal opptre som alminnelig rådgiver utenfor eget fagområde.

Vedlegg

1. Teikn på at du er offer for vald i nære relasjonar
 - a. Vaksenperspektiv
 - b. Borneperspektiv
 - c. Eldreperspektiv

Teikn på at du er offer for vald i nære relasjonar

A. Vaksenperspektiv:

- Vil partneren din ha full oversikt over kvar du befinn deg og over alt du gjer?
- Er partneren din sjalu og full av eigartrang?
- Vert du beskyldt for å flørte om du samtalar med ein av motsatt kjønn?
- Stemplar partneren din meiningane dine som dumme og idiotiske?
- Ver du kjefta på for den minste bagatell?
- Straffar partneren din deg ved ikkje å snakke med deg på nokre timar eller dagar? Vert du møtt med taushet når du prøver å bli venn med han/ho att?
- Snakkar partneren din høgt om dine feil og manglar blant andre?
- Du klarar ikkje å sjå om partneren er sint eller blid
- Får du alltid skylda?
- Går du på nåler for ikkje å vekke din partnars irritasjon eller vrede?
- Er du redd partnaren din eller andre i din nærleik?
- Opplev du å verte kontrollert, krenka eller audmjuka?
- Er du fråtatt retten til å bruke egne pengar, ha kontakt med familie og vener?
- Vert du fortalt kor lite verdt du er, vert truga, utskjelt, kritisert eller latterliggjort?
- Vert du slått, lugga, sparka, skubba, heldt fast, kasta noko på, truga med noko, tatt kvelartak på?
- Partnaren din (eller andre) kastar ting eller øydelegg noko du/de eig?
- Vert du tvungen til sex mot din vilje? (overgrep, valdtekt, prostitusjon)
- Vert du truga eller tvungen til å gifte deg?
- Har du dårleg samvit for at ditt/dine born har sett/høyr/opplevd vald?
- Føler du skam, tristheit og skyld?

B. Borneperspektiv: teikn på at du er utsett for vald/seksuelle overgrep eller vitne til vald:

- Ser du eller høyrer eller veit du at dei vaksne heime slår/blir slått og kranglar?
- Blir du slått, lugga, sparka, skubba, kasta noko på, truga med noko, tatt kvelartak på?
- Får du mykje kjeft, blir fortalt kor lite du er verdt, kritisert og/eller latterliggjort?
- Skjer det at ein vaksen eller eit eldre born tek på eller stryk på kroppen din med eller utan kle?(opplev du det som ubehageleg)
- Skjer det at ein vaksen eller eit eldre born ber deg ta eler stryke på din kropp, eller på den vaksne sin kropp med eller utan kle? Ein som tek på born på denne måten vert kalla ein overgripa. Overgriparen kan tvinge deg til å gjere slikte ting på ein hardhendt måte, eller vedkomande kan late som om det er leik og gje deg gåver eller belønningar for å drive på med dette. Overgriparen kan vere ein som du kjenner – ein slektning, ein ven av familien, ein tenåring eller eit anna born.
- Føler du skyld, er trist og har vonde kjensler?
- Føler du frykt, er redd, usikker og føler eit sterkt behov for å beskytte deg?
- Er du heile tida «på vakt» etter signal som kan tyde på vald?
- Har du mareritt og vanskar med å få sove?
- Tek du på deg «vaksenrolla» og rolla som meglar i familien? Tek du på deg for mykje ansvar for å skape ein «vanleg» kvardag, og får for lite tid til leik?
- Opptrer du smilande og blid og «usynleg» for å ikkje provosere?
- Har du vanskar med å konsentrere deg på skulen?
- Skader du deg fysisk for å lindre vonde følelsar inni deg?
- Du vil ikkje at nokon skal ha mistanke om korleis du har det heime

C. Eldreperspektivet

- Du føler skam og skyld
- Du har angst og er lite aktiv (passivitet)
- Mange eldre opplev å verte krenka eller motta trusler, har du opplevd det?
- Er du redd for, eller vert du plaga av nokon som du kjenner godt?
- Bestemmer du over din eigen økonomi?
- Har nokon pressa deg til å gjere noko du ikkje vil?
- Har nokon hindra deg i å få naudsynt hjelp?
- Vert du utsett for hardhendt stell?
- Vert du plaga, stengt inne?
- Utsett for fysisk mishandling?
- Vert du hakka på, utskjelt, usynleggjort, eller sett urimelege krav til?